

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 06.06.2012
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Sveinung Stensland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Albert Kruger	Varamedlem

Forfall frå styret

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae
Torunn Nilsen referent

Sakliste

B 055/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 056/12	Godkjenning av protokoll frå styremøte 7. mai 2012
B 057/12	Administrerande direktør si orientering
B 058/12	Rapport frå verksemda per april 2012
B 059/12	Oppfølging av ventetider, fristbrot og korridorsenger i Helse Vest
B 060/12	Omdømmemåling i Helse Vest
B 061/12	Landsverneplanen Helse (LVPH)
B 062/12	Protokoll frå møte i revisjonskomiten 7.5.2012
B 063/12	Eventuelt

Fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Stavanger HF

Møtet blei gjennomført med følgjande agenda:

- **Velkomen og presentasjon ved styreleiar Oddvard Nilsen**
- **Innleiing ved styreleiar Per Endre Bjørnevik**
- **Status og vidare arbeid med økonomi, aktivitet og faglege kvalitetsindikatorar i Helse Stavanger HF**
- Innleiing ved administrerande direktør Bård Lilleeng
- Dialog
- **Virksomhetsplanen i Helse Stavanger HF**
- Innleiing ved Marit Myrland og Jan Petter Larsen
- Dialog
- **Inntektsmodellen**
- Innleiing ved Per Karlsen
- Dialog
- **Oppsummering ved styreleiar Oddvard Nilsen**
-

B 055/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Forfall:

Tom Guldhav hadde meldt forfall til møtet. Albert Kruger møtte som vara.

Nye saker til AD si orientering:

Styreleiar orienterte om 2 nye pkt på AD si orientering:

Pkt 5 – Deltaking og reise til styreseminar 7. juni

Pkt 6 – Orientering om radiologianbodet - U. Off. Offl. § 23 første ledd

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at pkt 6 på AD si orientering ville bli gjennomført på slutten av møtet.

Eventuelt:

Orientering om prosessen i indre Hardanger (ABAH)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 056/12 Godkjenning av protokoll frå styremøte 7. mai 2012

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 7. mai 2012

O 057/12 Administrerande direktør si orientering

1 Møte med fylkesutvala i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland

Helse Vest RHF inviterer årleg til møte med Fylkesutvala i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. På agendaen i år står presentasjon av status i Helse Vest. Det er opning for å melde inn aktuelle saker nærare tidspunktet for møta.

Styret i Helse Vest RHF er invitert med på desse møta, og førebels plan ser slik ut:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, lunsj og møte

Stad: Fylkeshuset, Leikanger

Tid: 27. august 2012, kl. 12-14

Fylkesutvalet i Rogaland, møte og lunsj

Stad: Helse Vest RHF, Stavanger (Forus)

Tid: 24. september 2012, kl. 10-12

Fylkesutvalet i Hordaland

Stad og tid er ikkje avtalt

Styremedlemmane i Helse Vest RHF får tilsendt invitasjon til møte på e-post.

2 Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat. Status i GE-saka blei gjennomgått.

3 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 25.04.12 – 20.05.2012

Administrasjonen viste til utsendt notat.

- 4 Oversikt over aktuelle høyringar per 18. mai 2012**
Administrasjonen viste til utsendt notat.

- 5 Deltaking og reise til føretaksmøte 7. juni**
Grunna vekterstreiken, var det semje om at kun styreleiar, AD og revisor deltek føretaksmøte 7. juni.

- 6 Orientering om radiologianbodet - U. Off. Offl. § 23 første ledd**
Administrasjonen orienterte om utviklinga i Radiologianbodet, og styret slutta seg til vidare prosess.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

B 058/12 Rapport frå verksemda per april 2012

Oppsummering:

Ventetidsutviklinga per april 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 71 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 83 dagar. Alle fagområda har hatt ein auke i ventetida for ventande grunna påska.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren og innan psykisk helsevern for vaksne er i hovudsak høgare enn til same tid i 2011, medan aktiviteten innan BUP er noko lågare.

Både talet på fristbrot og langtidsventande har halde seg stabilt den seinaste månaden. Talet på korridorpatientar per dag innan somatikken har gått ned i april og har samla sett halde seg stabilt innan psykisk helsevern. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 75 % innan somatikk og 73 % innan psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i april er kr 59 mill, som er kr 10,6 mill over budsjett. Akkumulert resultat er kr 228,8 mill som er kr 42,4 mill betre enn budsjettet. Helse Bergen og Helse Fonna rapporterer ei prognose på hhv. kr 30 og 15 mill dårlegare enn budsjettet, som følgje av auka risiko for lågare inntekter enn budsjettet knytt til utskrivingsklare pasientar. Dei andre føretaka opprettheld ei prognose som er lik budsjettet resultatkrav. Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Etter fire månader har denne hatt ein effekt på kr 4,5 mill som er om lag 19 % betre enn planlagd. Helse Fonna har tiltak retta mot bemanningsområdet, men det er så langt ikkje tallfesta nokon effekt frå denne. Samla investeringar pr. april er på kr 370 mill. Dette utgjør rett i underkant av 23 % av forventa investeringsnivå i 2012.

Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert til å vere tilfredsstillande.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i april på 79 prosent, opp frå 77 prosent i mars

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 30. april 2012 til etterretning.

B 059/12 Oppfølging av ventetider, fristbrot og korridorsenger i Helse Vest

Oppsummering:

I Helse Vest er det ved utgangen av april registrert til saman 1240 pasientar som har venta eitt år eller meir for å komme til undersøking eller behandling. På same tid i fjor var det 1320 pasientar. Helse Stavanger HF har flest langtidsventande med 388 pasientar. Helse Førde har fått relativt mange fleire i denne gruppa (192).

Ved å redusere talet på langtidsventande vil den gjennomsnittlege ventetida for ventande reduserast vesentleg. Dette fordi desse pasientane drar gjennomsnittet opp.

Innan fagområdet urologi og andre område med manglande rekruttering, blir det jobba med tiltak på kort og lang sikt.

Rapporteringa ved utgangen av april viser at to av helseføretaka er svært nær målet om ned mot 65 dagar gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar. Helse Bergen og Helse Førde er lågast med 67 dagar, medan Stavanger ligg høgast med 77 dagar.

Helseføretaka har ikkje nådd målet når det gjeld fristbrot. I Helse Vest er det ved slutten av april registrert til saman 975 fristbrot medrekna frå private ideelle (74). På same tid i fjor var det 970 fristbrot. Det er Helse Stavanger og Helse Fonna som har dei største utfordringane når det gjeld fristbrot. Helse Stavanger HF har flest fristbrot med 436 pasientar.

Helseføretaka har sett i verk ekstra tiltak for å redusere ventetidene og hindre fristbrot. Det er utarbeida planar for ytterlegare tiltak.

Helse Vest vil fortsatt utfordre helseføretaka på krava, og vil følgje utviklinga spesielt i Helse Fonna og Helse Stavanger tett dei næraste månadene. Samtidig må det understrekast at omsynet til pasienttryggleik skal ligge til grunn for all aktivitet i sjukehusa.

Vedtak (samrøystes):

Styret viste til styringsmåla knytt til ventetider, fristbrot og korridorpatientar.

Styret la til grunn at helseføretaka gjennom målretta tiltak bringer verksemda i tråd med styringsmåla.

B 060/12 Omdømmemåling i Helse Vest

Oppsummering:

Helse Vest RHF har gjort målingar av omdømme sidan 2005. I samband med at omdømmemålingane for føretaksgruppa skal ut på nytt anbod sommaren 2012 tilrår ein ei revidering av måten målingane skal gjerast på. Målet er å gi ei auka forståing av omdømmebiletet for føretaksgruppa Helse Vest og gjennomføre målingar som skal vere eit god styringsreiskap.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til etterretning.
2. Styret ba om at første årlege omdømmemåling ligg føre hausten 2012.
3. Styret ba om å få presentert kvartalsvise medieanalyser.

B 061/12 Landsverneplanen Helse (LVPH)

Oppsummering:

Arbeidet med Landsverneplanen helse (LVPH), som har pågått sidan 2006, er nyleg avslutta ved at Riksantikvaren med bakgrunn i denne planen har vedtatt forskrift om freding i medhald av kulturminnelova. Fredingsforskrifta fastset kva for eigedommar fredinga omfattar og kva konsekvensar dette har for forvaltning, drift og vedlikehald av eigedommane. I tillegg til eigedommane som er freda ved forskrift, inneheld LVPH eigedommar som er verna i verneklasse 2 (bevaring) og som skal forvaltast og drivast innan same rammer som freda eigedommar. Helse Vest har i nasjonal samanheng eit relativt stort omfang eigedommar som er verna, og vernet er i hovudsak freding.

Ein konsekvens av vernet er at det skal utarbeidast og vedtakast forvaltningsplanar for alle verna eigedommar. Forvaltningsplanane skal innehalda ein fagleg forankra omtale av korleis verna eigedommar skal forvaltast, driftast og vedlikehaldast for å ta vare på verneverdiane og kva for planar som eventuelt føreligg for framtidig utvikling av eigedommane. Det er stilt krav om at helseføretaka knyter til seg kulturminnekompetanse i dette arbeidet. Fredingsforskrifta stiller krav om at forvaltningsplanane for freda eigedommar vert førelagte for Riksantikvaren, som er forvaltningsmyndigheit for desse eigedommane.

Det blir ofte ei utfordring korleis verna eigedommar på sikt kan nyttast på tenleg måte innan spesialisthelsetenesta. Helseføretaka har rolla og ansvaret for å forvalte dei verna eigedommane på ein god og framtidsretta måte og må ta dette innover seg, ikkje minst i arbeidet med den strategiske og langsiktige utviklinga av eigedommane. Det regionale helseføretaket har ansvar for å sjå til at dette blir følgt opp.

Med bakgrunn i den strategiske og framtidsretta delen av forvaltaransvaret for verna eigedommar, samt det forhold at omfattande verneoppgåver i gitte situasjonar kan medføre særlege budsjettmessige konsekvensar for helseføretaket, tilrår administrerande direktør at forvaltningsplanane blir førelagde for styret i Helse Vest RHF for endeleg godkjenning.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.
2. Styret ba om at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar blir lagt fram for styret i Helse Vest RHF for endeleg godkjenning.

B 062/12 Protokoll frå møte i revisjonskomiten 7.5.2012

Oppsummering:

Revisjonskomiteen i Helse Vest RHF hadde møte i Oslo 7. mai 2011. Protokoll frå møter i revisjonskomiteen skal leggast fram for styret.

Revisjonskomiteen vil meir inn i pasientsikkerhet, kvalitetsarbeid, risikostyring, rapportering via revisjonskomiteen, 3.3 meldingar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 07.05.2012 til orientering.

063/12 Eventuelt

Orientering om prosessen i indre Hardanger (ABAH)

Administrasjonen orienterte om at prosjektet i indre Hardanger er godt i gang. Prosjektgruppe og styringsgruppe etablert og faktagrunnlaget er på plass. Det er behov for å gjere nokon av dei same analysane i Sunnhordland i løpet av hausten. Prosjektet kjem tilbake til styret med alternative løysingar etter dette.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 260412 – Rapportering frå Helse Vest RHF per mars 2012
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 270412 – Spørsmål om ventetider ved de brystdiagnostiske sentrene
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Bergen HF Voss sjukehus, dagsett 070512 – Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Voss sjukehus 12. og 13. april 2012
- Kopi av brev frå Statens Strålevern til Helse Bergen HF, dagsett 110512 – Tilsynsrapport for oppfølgingstilsyn og varsel om pålegg om retting
- Kopi av brev frå Helse Midt-Norge RHF til Hornindal kommune, dagsett 270412 – Ønskje om tilknytning til Volda sjukehus

Ref. Torunn Nilsen
06.06. 2012

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Sveinung Stensland

Torill Selsvold Nyborg

Olin Johanne Henden

Lise Karin Strømme

Albert Kruger

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa

Kjartan Longva

Sett: Tom Guldhav